

Kort info om tilboda.

Skrive av Pål

onsdag 15. april 2015 09:55 - Sist oppdatert onsdag 25. april 2018 10:22

Piano

Som elev på piano vil du få undervisning aleine ei gong i veka i mins 20 minutter. Nokre gongar vil du spele saman med andre. Dette blir gjort etter avtale. Målet er at du skal lære ting som sittestilling, håndstilling, anslagsteknikk og fingersetting. I tillegg skal du lære elementær teori og notasjon. Du vil og drive med lytting, klang, tonedannelse, rytme og gehørspill.

Keyboard

Som elev på keyboard vil du få undervisning aleine ei gong i veka i minst 20 minutter. Nokre gongar vil du spele saman med andre. Dette blir gjort etter avtale. Målet er at du skal lære ting som sittestilling, håndstilling, anslagsteknikk, fingersetting. I tillegg skal du lære elementær teori og notasjon. Du vil drive med lytting, klang, tonedannelse, rytme og gehørspill. Opplæring på keyboard sidestillast med piano og undervisning kan derfor bli gjort på piano hos oss.

Gitar

Som elev på gitar vil du få undervisning aleine ei gong i veka i minst 20 minutter. Nokre gongar vil du spele saman med andre. Dette blir gjort etter avtale. Målet er at du skal lære ting som sittestilling, håndstilling, anslagsteknikk og grep. I tillegg skal du lære elementær teori og notasjon, du vil få lære å stemme instrumentet. Du vil drive med lytting, klang, tonedannelse, rytme og gehørspill.

Aspirant til korps

Dersom du vil spille i eit av skulekorpsa i kommunen, kan du melde deg inn her. Kulturskulen vil då i samarbeid med korpset sørge for at du får instrument og speletime. Elevpengar blir betalt etter faktura frå kulturskulen.

Teater

Alle menneske er skodespelar, sidan vi alle eig fantasi, glede og kreativitet. Teater og Scenen er eit beskytta rom med uendelege mogelegheiter. Her er det lov å tenke tankar ein aldri har tenkt før, høyrar musikk ein aldri har høyrd før og beveg seg som ein aldri hadde gjort i kvardagen. Med utgangspunkt i grunnleggjande teaterteknikkar utforskar vi kroppen og stemmen sine mogelegheiter for å uttrykke seg på ei scene. Gjennom leikar og øvingar ønsker vi å gi elevane teaterfagleg kunnskap. Undervisninga har som mål å utvikle eleven si sjølvstende og kreativitet, og til å utfalde seg og sin fantasi innafor teateret si kunstneriske ramme.

Visuell kunst

Kort info om tilboda.

Skrive av Pål

onsdag 15. april 2015 09:55 - Sist oppdatert onsdag 25. april 2018 10:22

Vi blir kjent med ulike kunstneriske prosesser og materialer. Tegning, maling, skulptur, foto, grafikk, installasjon, animasjon, gate kunst, performance, illustrasjon er noen av områdene vi er innom. De eldre elevene har hatt stor glede av kultur kveld der vi besøker galleri åpninger, blir kjent med kunstnere. Det hender vi også får besøk av kunstnere som deler sine arbeidsmetoder med oss. For de yngre elevene blir det arrangert workshop der vi samles for å kombinere kunst og sosialt samvær. Det er to utstillinger i løpet av året. Julekonserten i Valestrand kulturkirke og en avslutnings utstilling i Sveio bibliotek.

Gøy med kulturskulen!

Sveio kulturskule vil også i skuleåret 2018/2019 tilby gratis kulturskuleundervisning for elevar på 4. trinn. Undervisninga vil gå føre seg på Vigdartun i kulturskulen sine lokaler, der vi møtast etter skuletid. Dag og tid er ikkje bestemt, men bli elevane sin timeplan som i år vil vi fortsetje med onsdag kl 12.30. Tilbodet er gratis og for alle elevane i 4. klasse i kommunen, men har dei same retningslinene for oppmøte som anna undervisning kulturskulen har. Det vil sei at dei føresette då må sørge for at eleven blir frakta til undervisninga. Kulturskulen har ukuleler, minitrompet og iPad som elevane kan få låna på timane, men det vert ikkje høve til å få med desse instrumenta heim. Tilbodet vil gå inn som ein del av tilbodet til dei som går i SFO-tid. Påmelding gjer du via Sveio kulturkule sine nettsider.

Undervisninga vil mellom anna innehalde dette:

Spel: ukulele, gitar slagverksinstrument, boomwreckers

Leikbetonte musikkaktivitetar

Komponering: Lage musikk på iPad til bilder og film ein tar sjølv

Lytting: lage fortelling, teikning m.m. som henger saman med musikk ein får høyra

Minitrompet

I samarbeided med SFO på Sveio skule vil vi setje opp undervisning på minitrompet. Tilbodet vil gå over ca 6 veker og kan gjentakast i løpet av året. Her legg vi vekt på spel utan noter og avsluttar med konsert. Dette blir som ein del av tilbodet i SFO-tid

Vi spelar i band

Sveio kulturskule vil også i skuleåret 2018/2019 tilby gratis kulturskuleundervisning for elevar på 5.-7. trinn og går føre seg på Vikse skule. Tilbodet er å spele i pop/rock band. Vi møtast ein gong i veka rett etter skuletid. Tilbodet er altså gratis, men har dei same retningslinene for oppmøte som anna undervisning kulturskulen har. Det vil sei at dei føresette då må sørge for at eleven blir frakta til undervisninga. Kulturskulen har instrument som elevane elevane kan få låna på timane, men det vert ikkje høve til å få med desse instrumenta heim. Undervisninga er open for alle i kommunen som går på 5.-7. trinn. Påmelding gjer du via Sveio kulturskule sine nettsider.

Undervisninga vil mellom anna innehalde dette:

Spel: på ulike band-instrumentar

Lage egne songar

Kort info om tilboda.

Skrive av Pål

onsdag 15. april 2015 09:55 - Sist oppdatert onsdag 25. april 2018 10:22

Lære songar på gehør